

PRESSEMELDING

Volda kommune 18.03.20



**Volda
kommune**

PRESSEMELDING

Koronaviruset – Følg råda og ver tolmodig

Følg råda. Det er framleis viktig at du følgjer råda frå helsemyndigheitene for å hindre og forseinke smittespreiinga. Du finn råd på kommunen si heimeside og Folkehelseinstituttet sine sider og i dei lokale media. Hugs at dette viruset (Covid 19/korona) er så aggressivt smittsamt, at dersom innbyggjarane har fysisk kontakt eller slurvar med handvask og hygiene, så kan viruset spreie seg svært raskt.

Ikkje påvist smitte i Volda enda. 63 er testa utan at det så langt er påvist smitte. Sjølv om vi ikkje har påvist tilfelle av koronaviruset i lokalmiljøet, betyr ikkje det at smitten ikkje alt er i kommunen. Håpet er at utviklingsforløpet kan handterast innanfor helsevesenet sin kapasitet. For at vi skal lykkast med det, må du som innbyggjar vere tolmodig og halde fram med å ta ansvar.

Legetenesta. Det er viktig at alle følgjer råda om å unngå å belaste legetenesta unødvendig. Dette er svært viktig for at legane skal prioritere koronasituasjonen, samtidig som dei kan drifte andre prioriterte legetenester. Kommunen har faste møte med sjukehuset, og det er eit godt samarbeid mellom den kommunale legetenesta og sjukehuset. Ingen må møte opp på testasjonen eller nokon av legekontora utan avtale på førehand. Legekontora brukar videokonsultasjonar og telefonar for å hjelpe. Dei som treng særskilt hjelp får kome til legetime etter avtale.

Ha omsyn for kvarandre. Det er viktig at naboar er litt årvakne dersom det er bebuarar i grannelaget som kan ha behov for hjelp. Det kan til dømes vere hjelpe til handling mv. Ver varsam med hygiene og førebygg mot at du sjølv eller andre vert smitta.

Barn og unge.

Helsestasjonen gjennomfører det viktigaste av kontrollar og vaksinerings.

Barnehagane er stengde, men gir tilbod om tilsyn for barn der begge foreldra har samfunnskritiske funksjonar. Det vert også [gitt tilbod](#) til barn med særskilde behov.

I grunnskulen får elevane oppfølging gjennom digitale verkty og digitale læremiddel. Elevane i kulturskulen får sitt tilbod gjennom digitale løysingar.

Føresette som har spørsmål eller har trong for råd og rettleiing, kan ta kontakt med styrar i barnehagen eller rektor på skulen. Dei vil kunne vise vidare viss det er behov for det.

[Les meir om informasjon til føresette.](#)

Det er ei generell oppmoding til foreldre om å skjerme barna mot viruset og ikkje la dei vere ute i lag med andre der ein kan verte utsett for smitte. Det er kjedeleg, men det er nødvendig å halde seg i ro i ei tid framover.

Vaksenopplæringa. Elevar i vaksenopplæring vert så langt som råd gitt tilbod gjennom digitale løysingar.

Volda følgjer helsemyndigheitene sine råd og pålegg. Volda følgjer dei nasjonale pålegga og råda for karantene. Nye tiltak bør primært kome frå sentrale helsemyndigheiter for å vere samordna og ha effekt.

Hyttefolk. Helsedepartementet har med heimel i smittevernlova vedteke ei forskrift som forbyr folk å opphalde seg på hytta utanfor si eiga heimkommune. Det er riksadvokaten som handsamar brot på smittevernlova og er påtalemynde. Volda kommune oppmodar dei som har hytte i Volda og bur i andre kommunar om å følgje påbodet som i løpet av kort tid vert iverksett frå Helsedepartementet.

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje helsestasjonen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvardagar. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.